




2024-27

Planstrategi for Gol kommune



*Øverst kommuneplan Gol- arealdelen. Nederst stadutvikling/
byggeprosjekt Gol sentrum (Foto S.Eide)*

Vedteken av Gol kommunestyre
sak K31/24 den 11.06.2024

Innhold

1.	Innleiing.....	2
2.	Kommunal planstrategi.....	2
3.	Kommunalt planverk.....	3
3.1	Kommuneplan.....	3
3.2	Planar knytt til kommuneplanens samfunnsdel.....	3
3.3	Planar knytt til kommuneplanens arealdel.....	3
4.	Nasjonale og regionale føringar.....	4
4.1	Nasjonale forventningar.....	4
4.1.1	FN sine berekraftsmål.....	5
4.2	Regionale planar.....	5
5.	Kommuneplan i Gol.....	6
5.1	Kommuneplanens samfunnsdel.....	6
5.2	Kommuneplanens arealdel.....	7
5.3	Eldre detaljreguleringsplanar.....	7
5.4	Overordna ROS.....	8
5.5	Vurdering av planbehovet for kommuneplan og arealplanar i perioden fram til 2027.....	8
6.	Hovudutfordringar og vurdering av planbehov.....	9
6.1	Folketalsutvikling- demografi.....	9
6.1.1	Utviklingstrekk.....	9
6.1.2	Vurdering av planbehov.....	10
6.2	Folkehelse.....	11
6.2.1	Utviklingstrekk.....	11
6.2.2	Vurdering av planbehov.....	12
6.3	Miljø og klima, klimatilpassing, natur og samfunnstryggleik.....	13
6.3.1	Utviklingstrekk.....	13
6.3.2	Vurdering av planbehov.....	14
6.4	Tettstadsutvikling og samferdsel.....	15
6.4.1	Utviklingstrekk.....	15
6.4.2	Vurdering av planbehov.....	16
7.	Samandrag.....	16
7.1	Planressursar.....	16
7.2	Prosess og medverknad.....	16
7.3	Prioritering av planarbeid i perioden 2024-27.....	17
8.	Planverk og prioritert planarbeid i perioden 2024-27.....	17
9.	Referansar.....	19

1. Innleiing

Kommunestyret skal gjennom kommunal planstrategi ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast i valperioden. Planstrategien er eit verktøy for å vurdere kommunen sitt plansystem, planressursar og samla planbehov knytt til kommunedelplanar, tema- og sektorplanar.

Kommunal planstrategi er forankra i Plan- og bygningslova (pbl) § 10.1:

Kommunestyret skal minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, mellom anna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektoranes verksemd og en vurdering av kommunens planbehov i valperioden.

Kommunens planutval vedtok prosess og tidsplan for arbeidet med planstrategi for Gol kommune 2024-27 i sak 35/23 den 24.08.23.

2. Kommunal planstrategi




Figur 1. Veileder til kommunal planstrategi

	KOMMUNAL PLANSTRATEGI
Lovhjemmel	§ 10-1
Formål	Politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden, og om kommuneplanen helt eller delvis skal revideres.
Innholdskrav	Vedtak om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, og et underlag som viser forutsetningene for vurderingen av planbehovet.
Prosess	Skal innhentes synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres kjent i minst 30 dager før kommunestyrets behandling.
Vedtak	Kommunestyret
Virkning	Retningsgivende for kommunens prioritering av planoppgaver.

3. Kommunalt planverk

3.1 Kommuneplan

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og lovfesta i Plan og bygningslova kap. 11. Planverket består av ein samfunnsdel m/handlingsdel og ein arealdel.



Figur 2. Planstruktur i kommunal sektor

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til utfordringar, mål og strategiar for utviklinga av kommunen som samfunn og som organisasjon. Samfunnsdelen sin handlingsdel blir ivareteke ved årleg rullering av kommunens handlingsprogram med økonomiplan og årsbudsjett.

Kommuneplanen sin arealdel skal vise sammenhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk. Den er styrande for kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar. Arealplanar får rettsverknad når kommunestyret har gjort vedtak.

3.2 Planar knytt til kommuneplanens samfunnsdel

Slike planar tek utgangspunkt i mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel.

Planlegginga innanfor eit tema eller sektor kan skje som ein kommunedelplan eller som ein tema- eller sektorplan.

Kommunedelplan og sektor-/temaplan

Det må i det enkelte tilfelle vurderast om tema- eller sektorplan skal ha status som kommunedelplan. Krav og behov for medverknad er ofte avgjerande for valet. Ein kommunedelplan etter reglane i Plan- og bygningslova set formelle krav til planprosess og planprogram. Ein ordinær sektor- /temaplan kan ha ein enklare prosess.

3.3 Planar knytt til kommuneplanens arealdel

Kommunedelplan (arealplan)

Kommunen kan utarbeide kommunedelplan for delar av kommunen. Planprosessen er den same som for kommuneplan. I Gol er det berre kommunedelplan for Gol tettstad som er knytt til arealdelen av kommuneplan.

Reguleringsplan

Reguleringsplan kan lagast som område- eller detaljregulering i tråd med Plan- og bygningslova kap.12. Reguleringsplan består av arealplankart med føresegner om bruk, vern og utforming av areal og fysiske tiltak.

Områderegulering blir brukt der det i kommuneplanens arealdel er krav om slik plan, eller der det offentlege har ansvar for å ivareta verneomsyn eller infrastruktur. Områderegulering for «Hallingmo» og «Gol sentrum vest» er døme på slike planar i Gol.


Detaljregulering skal følge opp kommuneplanens arealdel eller eventuelle krav i områderegulering. Detaljregulering blir stort sett fremja i privat regi.

I Gol kommune sitt planarkiv er det registrert til saman 175 reguleringsplanar inklusivt planar under arbeid per januar-2024. Planarkivet omfattar planar heilt attende til 1970-talet.

4. Nasjonale og regionale føringar

4.1 Nasjonale forventningar

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette er gjort gjennom dokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-27*, kongeleg resolusjon 20.juni 2023



Figur 3. Nasjonale forventningar 2023-27.

Fylkeskommunane og kommunane vil stå overfor mange vanskelege avvegingar i åra som kjem. Demografiske endringar, med fleire eldre og ein lågare del av folkesetnaden i yrkesaktiv alder, vil krevje tøffare prioriteringar og betre ressursbruk. Tilgangen på arbeidskraft blir mindre, og ein større del av ressursane blir bundne opp i å dekkje tenestebehovet.

Regjeringa vil leggje til rette for busetting, næringsutvikling og eit godt tenestetilbod i bygd og by i heile landet. Det er særskilt viktig å sikre tilrettelegging for vekst og utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet.

Regjeringa har ambisiøse mål for klima, miljø og jordvern. Regional og kommunal planlegging er gode verktøy for å utvikle eit berekraftig samfunn og til å vege interesser og omsyn mot kvarandre. 2030-agendaen med FN sine 17 berekraftsmål dekkjer alle samfunnsområde, og kan bidra til gode prioriteringar i usikre tider. Regjeringa forventar at kommunane legg berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljø-måla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.

Ressursgrunnlaget og kompetansen som finst regionalt og lokalt, er viktige fortrinn når nye og eksisterande næringar skal utviklast. Kommunen har som planmyndigheit og samfunnsutviklar ei viktig tilretteleggjarrolle. Effektive og gode planprosessar er avgjerande for å lykkast med regjeringa sitt mål om eit grønt industriløft.

Plan- og bygningslova gjev kommunane fleksibilitet til å tilpasse planlegginga til behovet. Regjeringa meiner det er viktig at dette handlingsrommet blir utnytta for å leggje til rette for ønska utvikling, samtidig som planlegginga ikkje blir meir omfattande enn nødvendig.

Dokumentet samlar regjeringa sine viktigaste prioriteringar på planområdet for den komande fireårsperioden. Føremålet er eit felles grunnlag for fylkeskommunane, kommunane og statlege styresmakter, slik at planprosessane blir effektive og målretta og at ein unngår unødige motsegner.

Regjeringa har lagt til grunn 5 overordna perspektiv med tilhøyrande berekraftsmål:

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa har knytt 72 konkrete forventningar til desse perspektiva.

4.1.1 FN sine berekraftsmål

FN sine 17 berekraftsmål med 169 delmål er det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid.

Måla gjev rammer for ei omstilling som har til føremål å gje alle eit betre liv, samstundes som ein tek vare på miljøet.



Figur 4. FN sine berekraftsmål

Den store utfordringa for Noreg og andre vestlege land er å gjennomføre eit grønt skifte der vi vidareutviklar velferdssamfunnet, meistarar konsekvensane av dei demografiske og teknologiske endringane, og samstundes får utsleppa og det materielle forbruket ned på eit akseptabelt nivå.

Gol skal i planarbeidet ta omsyn til berekraftmåla og kunne måle endringar ved hjelp av ulike indikatorar.

4.2 Regionale planar

Frå Viken til Buskerud fylke

I 2024 er Viken fylkeskommune oppløyst og Gol og Hallingdal er attende i Buskerud fylke.

Inntil vidare gjeld følgjande regionale planar for nye Buskerud fylke:

- Plan for Hardangervidda 2019-2035
- Plan for Norefjell-Reinsjøfjell 2020-2035
- Plan for Nordfjella 2014-25
- Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2022-2027
- Plan for verdiskaping og næringsutvikling i Buskerud 2015-2020

- Plan for areal- og transport i Buskerudbyen 2013-2023
- Plan for kunnskapssamfunnet 2016-2020
- Plan for kulturminnevern 2017-2027
- Plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035
- Fylkesdelplan for avkjørsler og byggegrenser langs riksvegnettet i Buskerud frå 2004
- Kollektivtransportplan for Buskerud fylke fram mot 2023

Den nye fylkeskommunen skal lage eigen regional planstrategi fram til 2027. Det blir lagt opp til møter med regionale politiske fora og dialogmøte med samfunnsplanleggjarar i kommunane i første del av 2024. Dokumentet kjem på høyring og etter tidsplanen skal fylkestinget gjere endeleg vedtak i juni-2024.

Buskerud fylke har samordningsrolle for *Regionalt planforum*. Dette er ein arena for dialog- samhandling og avklaring rundt større plansaker mellom kommunane og stat/fylke. Planforum har ikkje vedtaksmynde eller formell meklingsfunksjon. Gol kommune har nytta regionalt planforum ved fleire høve.

Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er revidert og behandla i Hallingtinget i 2021. Planen legg føringar for regionalt samarbeid, samhandling og satsingsområde med tiltak.

Det er også ein del regionale fag/temaplanar som er viktige for regionen, men også for den enkelte kommune. Døme på slike planar er *Avfallsplan for Hallingdal* og *Regional plan for vassforvaltning i vassregion Innlandet og Viken*.

Det er Regionrådet for Hallingdal med bakgrunn i innspel frå kommunane som tek stilling til om det skal lagast nye regionale planar eller om planar skal reviderast.

5. Kommuneplan i Gol

Gol kommune sin kommuneplan består i dag av samfunnsdelen, kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Gol tettstad. Kommunen sin overordna ROS-analyse legg føringar for samfunnstryggleik og beredskap i alt kommunalt planverk.

Gjeldande planverk:

- ROS-analyse for Gol kommune, behandla av kommunestyret i juni 2022
- Samfunnsdelen 2018-2030, vedtatt av kommunestyret i juni 2018
- Kommuneplan Gol (arealdelen) 2011-2023, vedtatt av kommunestyret i september 2011
- Kommunedelplan Gol tettstad 2006-2015, vedtatt av kommunestyret i september 2006

5.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommunen sin samfunnsdel frå 2018 med mål og strategiar er kommunens overordna plan er for årsbudsjett og handlingsprogram.

Samfunnsdelen vart sist vedteken i 2018. Planen fekk ein heilt ny innretning og har vist seg å være eit svært viktig styringsreiskap for kommunen så langt i utviklinga fram mot 2030.

Samfunnsdelen er delt i følgjande hovudsatsingsområde med mål og strategiar:


- Gol si plassering regionalt og nasjonalt
- Næring og arbeidsplassar
- Det gode liv i Gol
- Gol kommune som organisasjon.

Planen tek utgangspunkt i fire hovudutfordringar for Gol samfunnet fram til 2030:

- Folketalsutvikling
- Folkehelse
- Miljø, klima og samfunnstryggleik
- Tettstadutvikling og samferdsel

Status måloppnåing med tiltak er ein naturleg del av årleg budsjettbehandling og rullering av handlingsprogram. Status vil også vere viktig i revideringa av samfunnsdelen.


Gol hadde 2915 sysselsette i 2022. Det er 65 fleire enn i 2018. Veksten er knytt til bygg- og anlegg, varehandel, offentlig administrasjon, undervisning og helse- og omsorgstenester. Nedgangen er størst i industri og transport.



Figur 5. Sysselsette Gol 2015-2022, kommuneprofilen.no


Figur 5-6 viser utvikling i sysselsette og næringsstruktur. Primærnæringane og tertiærnæringane har begge hatt ein samla tilbakegang i perioden 2015-2022. Begge har likevel ein oppgang i perioden 2020-2022.

Sekundærnæringane har hatt ein samla vekst frå 2015 til 2022, men ein liten tilbakegang i perioden 2020-22.



Figur 6. Næringsstruktur Gol. Kommuneprofilen.no

Gol har eit mangfold av arbeidsplassar som er viktige for regionen. Gol har fortsett stor netto innpendling. Tala viser ein nedgang frå 2018 til 2022. I all hovudsak er endringa knytt til auka utpendling. Ein del av forklaringa kan vere at Gol dei seinare åra har hatt ei viss tilflytting frå nabokommunane. Tala viser også at Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsregion.



Figur 7.. Netto innpendling. Kjelde SSB tabell 11616

5.2 Kommuneplanens arealdel

Gol er godt i gang med revidering av kommuneplanens arealdel. Planarbeidet i basert på overordna føringar frå Planutvalet.

Kommuneplanens arealdel er ute på høyring for andre gong i starten av 2024. Det er forventa at planen kan sluttbehandlast dette året. Sentrale tema i planplanarbeidet er miljø og klima, mineral- og naturressursar, naturmangfald og jordvern.

Kommunedelplan Gol tettstad er i sluttfasen. Motsegner frå Fylkesmannen og fylkeskommunen er løyst, og det står no at å løyse motsegn frå Statens vegvesen. Det er forventa at planen kan sluttbehandlast i 2024.

Det blir også vist til omtale i kap. 6.4 Tettstadsutvikling og samferdsel.

5.3 Eldre detaljreguleringsplanar

Når kommuneplanen sin arealdel er vedteke, skal det gjennomførast planvask av reguleringsplanar som er vedteke for meir enn 10 år sidan. Reguleringsplanar som i liten grad er realisert blir sett på vent i påvente av at planvasken er gjennomført. Det same gjelder planinitiativ for eksisterande, uregulerte utbyggingsområde i ny kommuneplan.

I 2023 er det registrert 2693 fritidsbustader (SSB 05467) i Gol. I Hallingdal er det Hol som har flest fritidsbustader totalt med 5921. Gol har flest i forhold til samla areal- 5,24 per km².

Gol kommune har 48 detaljreguleringsplanar med om lag 2750 regulerte tomter som er vedtekne før 2014. Av desse er om lag 1200 bygde tomter.

Kunnskapsgrunnlaget og krav til planarbeid har endra seg dei seinare åra, mellom anna av omsyn til naturmangfald, inngrepsfrie naturområde, risiko- og sårbarheit, klima- og klimatilpassing og jordvern mv.

5.4 Overordna ROS

Overordna risiko- og sårbaranalyse (ROS) er heimla i Lov om kommunal beredskapsplikt. Gol sin ROS er basert på mal frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Analysen omfattar 34 ulike hendingar som er analysert på risiko og konsekvens. Ved revidering av overordna ROS må ein kople arbeidet mot ROS i kommuneplanens arealdel og vidare ned på reguleringsplannivå.

Miljø- og klimaendringane vil i større grad enn før få konsekvensar for arbeidet med samfunnstryggleik. Ekstremværet Hans sommaren 2023 viser at arbeid knytt til klimatilpassing og overvasshandtering må ha auka fokus i kommunal planlegging i åra som kjem. Overordna ROS blir revidert i perioden.

Gol har gjennomført kartleggingar som er viktige å ta omsyn til i arealplanlegginga og i beredskapsplanar.

5.5 Vurdering av planbehovet for kommuneplan og arealplanar i perioden fram til 2027

Kommuneplan- samfunnsdelen

Samfunnsdelen bør reviderast i perioden. Kommunen er i vekst og utfordringane og moglegheitene må vurderast. Tettstaden har dei siste åra endra seg vesentleg i form av ny infrastruktur og etablering av nye verksemdar spesielt på Storøyne og i Gol sentrum. Bustadutviklinga er i stor grad knytt til mange leilegheitsbygg i Gol sentrum i kombinasjon med næringslokale.

Etablering av Campus Hallingdal for høgare utdanning i Gol blir eit viktig bidrag i utvikling av Gol og regionen. Bu- og blilystprosjekta lokalt og regionalt er eit anna. Dette er naturlege tema i samfunnsdelen.

Hovudutfordringane i eksisterande plan er i stor grad framleis aktuelle, men det er behov for ei revidering med utgangspunkt i ny kunnskap om samfunnsutvikling generelt,

demografi, nasjonale forventningar og nye utfordringar og moglegheiter som kommunen må vurdere i eit tidsperspektiv fram mot 2040.

FN sine bærekraftmål med indikator og nasjonale klima- og miljømål må knytast til drøfting av utfordringar, satsingsområde, mål, strategi og måloppnåing i samfunnsdelen.

Samfunnsdelen skal legge føringar for ein langsiktig arealstrategi og danne grunnlag for overordna arealplanlegging. Kommunen er i gang med å utarbeide arealrekneskap. Naturekneskap, klimarekneskap og arealnøytralitet er andre viktige stikkord som bør drøftast og takast stilling til. Dette er også tema av regional interesse.

Samfunnsdelen bør også drøfte Gol sin posisjon i ein regional utvikling og kva som skal til for at Hallingdal samla skal kunne yte tenester av god kvalitet. Det bør også takast stilling til om kommunestruktur skal vere ein del av debatten.

Kommunen bør i framtida ha ambisjonar om å drøfte samfunnsdelen kvart fjerde år og i første del av valperioden. Dette vil skape engasjement og kommunestyret vil ha anledning til å justere retning og setje sitt preg på samfunnsutviklinga undervegs.

Utfordringane i gjeldande samfunnsdel er i stor grad framleis aktuelle og dannar ein rød tråd i grunnlaget for kommunal planstrategi fram mot 2027.

Revidering av samfunnsdelen bør;

- bygge på hovudstruktur/oppbygging av dagens samfunnsdel
- legge til grunn utfordringar og utviklingstrekk omtalt i planstrategien
- ha færre hovudmål, redusere og spisse strategiane
- ha ein klar og tydeleg arealstrategi
- legge til grunn bærekraftmål med indikatorar for å måle effektane.

Konkrete tema som har betydning for revideringa av samfunnsplanen er også omtalt under hovudutfordringane i kap. 6.

Kommuneplan- arealdelen og kommunedelplan (KDP) for Gol tettstad

Kommuneplanens arealdel og kommunedelplan Gol tettstad er under arbeid og vil bli sluttbehandla i denne valperioden. Overordna ROS for Gol blir revidert i planperioden.

Områdereguleringsplan for Gol sentrum vest

Områdereguleringsplan som er frå 2012 er viktig for utvikling av Gol sentrum og vidare tettstadutvikling. Planen bør reviderast med omsyn til mellom anna endringar og nye føresegner i kommunedelplan Gol tettstad og behovet for ei sentrumsutvikling som i større grad legg til rette for gang- og sykkel, bilfrie soner og framtidsretta tiltak knytt til parkeringsløyningar.

Av omsyn til samla planressurs vil ein rå til oppstart av dette arbeidet i siste del av planperioden.

Planvask- eldre reguleringsplanar

I planstrategien fram til 2027 legg ein til grunn at kommunestyret i tråd med pbl. §12-4 tek stilling til arbeidet med planvask og føringar for vidare arbeid. Slik avklaring bør skje i første halvdel av valperioden.

Kommunestyret må ta stilling til kva reguleringsplanar som kan vidareførast, kva planar som bør oppdaterast eller lagast ny, og kva planar som bør opphevast. I dei to siste tilfella er det også aktuelt å innføre midlertidig forbod mot tiltak i tråd med pbl. §13-1 i påvente av oppdatering, nyregulering eller oppheving av reguleringsplan.

Ein planvask vil i all hovudsak omfatte planar for fritidsbustader og næring knytt til reiseliv.

Planvasken må definere omfang og basere seg på konkrete kriterium for kva planar ein ynsker å oppdatere, lage ny eller oppheve.

6. Hovudutfordringar og vurdering av planbehov

Planstrategien tek utgangspunkt i hovudutfordringane i eksisterande samfunnsdel knytt til folketalsutvikling og demografi, folkehelse, miljø-, klima og samfunnstryggleik og tettstadutvikling og samferdsel. Utviklingstrekk saman med nasjonale forventningar danner grunnlag for vurdering av planbehovet fram til 2027. FN sine bærekraftsmål som er viktige å ta omsyn til i samfunnsplanlegginga er gjort synleg for kvart tema.

Planbehov for kommuneplan og arealplanar er omtalt særskilt i kap. 5.4.

6.1 Folketalsutvikling- demografi

6.1.1 Utviklingstrekk

Demografi er statistisk framskriving av befolkningsutviklinga, basert på tal frå SSB. Gol hadde ein jamn vekst i folketalet på 80- og 90-talet og ei flatare utvikling fram mot 2017. Frå utgangen av 2018 til utgangen av 2022 har folketalet auka frå 4576 til 4767. Dette er ei større auke enn det SSB la til gunn i sine prognoser. Ein vesentleg del av veksten har

årsak i den generelle flykningsituasjonen og konsekvensane av Ukrainakrigen.

SSB sine prognoser for hovudalternativet viser at Gol vil ha ei folketalsauke på om lag 3,8% frå 2025 til 2045. Høg nasjonal vekst viser ei folketalsauke på om lag 13% i same periode. Låg innvandring vil i 2045 gje eit fokeltal på om lag som i dag, medan høg innvandring vil gje ei folketalsauke der innbyggjartalet truleg rundar 5000 kring 2030. Dette vil i så fall


oppfylle målet om folketal i kommunen sin samfunnsdel 2018-30.

Folketalet for yrkesaktiv alder, 20-66 år, vil etter prognosane gå ned med i overkant av 200 personar, ein reduksjon på 8% i perioden 2025-2045. Dette er svært alvorlig med tanke på arbeidskraft i framtida.


Aldersfordelinga i figur 9 viser at aldersgruppa 0-5 år og 6-15 år er relativt stabil, medan aldersgruppa over 67 år vil auke markant. Prognosane viser negativ fødselsoverskot ved middels nasjonal vekst, men med eit lite fødselsoverskot ved høg nasjonal vekst.

Hovudtrenden er at barnetala, både barnehage og grunnskule, vil halde seg relativt stabile. Vi blir derimot langt fleire eldre. Vi blir ikkje vesentleg fleire til å skape verdier og vekst, vi blir fleire som har behov for kommunale tenester i høg alder.

Det er likevel fleire forhold som kan påverke utviklinga i ei positiv retning. Gol har dei seinare åra hatt ein større folketalsvekst enn de SSB la til grunn. Næringslivet med reisliv og handel er i fin utvikling. Etablering av Campus Hallingdal for høgare utdanning kan bli svært viktig for kommunen og regionen i å trekke til seg ei yngre befolkning og tilføre lokalsamfunnet kompetanse og arbeidskraft.



Figur 8. Folketalsutvikling Gol. Kjelde SSB tabell 13600



Figur 9. Utvikling alderskategori. Kjelde SSB tabell 13600

Alderssamsetninga og demografikostnadane vil påverke kommunale tenester. Den økonomiske berekrafta tyder på at det på sikt må til ei omfordeling av midlar mellom ulike tenesteområde og demografigrupper.

6.1.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **folketals-utvikling- demografi** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategiperioden 2024-27:

Kommunedelplanar:

- Hovudplan vatn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Plan for idrett, fysisk aktivitet/ og friluftsliv (revidering)
- Kulturmiljøplan (ny)
- Plan for integrering (ny)

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:






Figur 10. Planoversikt med tilhøyrande berekarts mål.

6.2 Folkehelse

6.2.1 Utviklingstrekk

Kommunen har ansvar for å ha oversikt over helsetilstanden og dei faktorene som kan verke inn på folkehelsa til innbyggjarane. Folkehelseprofilen for Gol er oppdatert i 2023 og er ein del av planstrategien.

Figur 11 viser korleis ulike lag av faktorar som påverkar folkehelsa og den sosiale fordelinga av denne.



Figur 11. Kjelde: Whitehead & Dahlgren, 1991.

Ei oppsummering av utviklingstrekk frå folkehelseprofilen 2023:

Befolkning

Gol har ei positiv befolkningsvekst. Fødselstala er relativt stabile. Mykje av veksten har årsak i tilflytting. Vi har fleire eldre enn landssnittet og dette vil auke framover. Forventa levealder er særleg høg for kvinner.

Innbyggjarar med innvandringsbakgrunn er om lag som landssnittet, men med høgare del frå

europiske land. Aleinebuande over 45 år er høg.

Oppvekst og levekår

Den pedagogiske dekninga i barnehagane på Gol har de siste åra vore på veg ned. Elever på Gol skule har gjennomsnittlege leseferdigheit, men mindre rekneferdigheiter enn landssnittet. Ungdata viser svingningar i trivsel- og mobbetal på ungdomsskulen frå 2014 til 2021.

Tal på personar i hushaldning med låginntekt er noko høgare i Gol enn landssnittet.

Befolkninga i Gol har lågare utdanningsnivå enn landssnittet, men arbeidsledigheita er låg. Dei siste åra har gjennomføringsgraden ved vidaregåande skule vore god, og ligger no litt over landssnittet. En utfordring er at Gol har ein høg del med unge uføre.

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

På Gol er det lite støy og forureining samanlikna med mange andre kommunar i landet. Ein del områder spesielt i dalbotnen er utsett for høge radonkonsentrasjonar.

Kvaliteten på skule og barnehagar i kommunen er jamt over bra, og blir følgt opp med tilsyn frå Miljøretta helsevern Hallingdal. Ungdommen er rimeleg godt nøgd med lokalmiljøet og møtestader, men stadig fleire føler seg einsame.

Helsetilstand

Befolkninga på Gol ser ut til å ha ein relativt god helse. Dei siste åra har det vore ein jamn nedgang i krefttilfelle og muskel- og skjelettsjukdomar. Psykiske plager ser derimot ein gradvis auke. Unge jenter er særleg utsett.

Helserelatert åtferd

Tall frå helsestasjonen viser en god dekning av barnevaksinasjon og influensavaksinering for eldre. Unge jenter som tar HPV-vaksinasjon har gått noko ned.

Ungdata viser ein markant nedgang i deltaking i organisert aktivitet under koronapandemien. Samtidig har tida ungdom bruker på skjerm auka betydeleg. Skjermtid har auka jamt over fleire år, men fekk ein topp under pandemien. På Gol ser vi også ein markant auke i bruk av alkohol blant ungdom, frå under landssnittet i 2017 til godt over i 2021.

Skade og ulykker

Det er relativt få trafikkulykker, dei fleste er knytt til Rv7. Etter mange år med nedgang har ulykkestala auka dei siste åra.

Hoftebrot var noko høgare enn landssnittet fram til 2017, men det er dessverre ikkje tilgjengelege tall etter dette. Gol er som dei andre kommunane i Hallingdal, ein viktig turistkommune. Det er utvikla og tilrettelagt for mange utandørs aktivitetstilbod som ski, sykkel og turstiar. Dessverre er det per nå ikkje tatt i bruk verktøy for skaderegistrering for slike aktivitetar. Det manglar difor data for eit meir målretta skadeførebyggjande arbeid.

Tiltak for å betre folkehelse

I folkehelseprofilen er det lista opp ulike forslag til tiltak med bakgrunn i tema og utviklingstrekk. Dette er naturleg at kommunen tek med som grunnlag for revideringa av samfunnsplanen og dei ulike temaplanane. Det blir her vist til folkehelseprofilen for 2023 i sin heilheit.

Gol har saman med dei andre kommunane i regionen laga ein felles handlingsplan for folkehelsearbeidet.

Bustad

Bustadpolitikken må legge til rette for varierte bustader i ulike prisgrupper. Dei seinare åra er det bygd mange leilegheiter i sentrum. Dette bidreg til at ein frigjer ein bustader til yngre del av befolkninga som ynskjer slik buform.

Ved utgangen av 2023 er det innvilga 12 dispensasjonar til bruk av fritidsbustad som bustad.

Det er i utfordring at kommunane kvar for seg skal løyse berekraftige bustadsosiale behov. Temaet bør difor drøftast i eit regionalt perspektiv.

Tenestekonseptutvikling i Helse og omsorg

Kommunen er i gang med å gjennomføre ei tenestekonseptutvikling for helse- og omsorgssektoren. Arbeidet skal legge grunnlag for utvikling av tenestene med bakgrunn i mellom anna demografiske endringar, rekrutteringsutfordringar og kompleksitet knytt til oppgåvedeling i helse- og omsorgssektoren. Arbeidet vil danne grunnlag for revidering av Helse- og omsorgsplan i planperioden.

6.2.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **folkehelse** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategi-perioden 2024-27:

Kommunedelplanar:

- Hovudplan vatn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)
- Trafikktryggleiksplan (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Helse- og omsorgsplan (revidering)
- Plan for legetenesta (ny plan)
- Strategisk plan, bu- og miljøteneste (ny plan)
- Plan for heilskapleg rehabilitering (revidering)
- Plan for fysio- og ergoterapitenesta (revidering)
- Plan for psykisk helse (revidering)
- Plan for vald i nære relasjonar (ny plan)
- Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme (ny plan)
- Oppvekstplan Gol (ny plan)
- Kvalitetsplan for skulen i Gol (revidering)
- Plan for integrering (ny plan)
- Kulturmiljøplan (ny plan)
- Plan for friluftslivets ferdsselsårer (ny plan)
- Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (revidering)

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



Figur 12. Planoversikt med tilhørende berekraftsmål.

6.3 Miljø og klima, klimatilpassing, natur og samfunnstryggleik

6.3.1 Utviklingstrekk

Gol har mål om å redusere klimagassutsleppa med 40 % innan 2030 sett i høve til 2009. Grunnlaget er FN sine bærekraftsmål, nasjonale og internasjonale avtaler.

FN sitt klimapanel slår fast at det meste av den globale oppvarminga er menneskeskapt. Oppvarminga vert venta å fortsette utover i dette århundre og fører til auka risiko for ekstremvær, meir nedbør, ras og flaum. Klimaendringar har alvorlege konsekvensar og utsleppa av klimagassar må reduserast. Det krev endringar i arealplanlegginga, teknisk infrastruktur, transport og næringssektoren, landbruket og innan bygg og oppvarming.


Klimaendringane kan også føre til endra landskap, artssamansetning og større risiko for større utbrot av sjukdom og parasittangrep i miljøet pga. større overleving i milde vintrar.

Stortingsmelding 26/2022-23 om klimatilpassing i Noreg set fokus på klima-utfordringar, konsekvensar og førebygging.



Figur 13. Klimaendring og klimatilpassing- Stortingsmelding 26/2022-23

Hovudkjeldene til klimagassutsleppa i Gol er vegtrafikk, jordbruk og mobil forbrenning. I perioden 2009-2022 er utsleppa i kommunen redusert med om lag 15%. Figur 14 viser årleg utslepp i Gol i tonn CO₂.

Figur 14. Klimautslepp i Gol 2009-2022- tonn CO₂

Klimaendringane utfordrar kommunen og regionen på mange områder. Nedbør, flaum og skred, vil kome oftare og i større omfang enn før. Ekstremværet Hans i august 2023 er eit godt døme.

Førebygging må ha stor merksemd, basert på kartleggingar og ROS-analyser. Kommunen har i samarbeid med Norges vassdrag og energidirektorat (NVE), utarbeida oversikt over ras/skredrisiko i kommunen og kartlegging av risiko ved mindre vassdrag og bekkar. Kartleggingsarbeidet bør reviderast ut frå endring i risikobiletet. Dette er eit viktig bidrag i arealplanlegging, skogforvaltning og ROS/ beredskap.

Arealbruk og bruk av naturen er heilt sentralt i å nå klimamåla. Kommunen deltek i eit pilotprosjekt for utarbeiding av arealrekneskap. Dette vil saman med kommunedelplan for Naturmangfald vere eit viktig grunnlag i mellom anna planvask av eldre reguleringsplanar. Naturrekneskap og arealnøytralitet er tema som er naturleg å drøfte i revidering av samfunnsdelen. Dette bør også vurderast i ein regional samanheng.

Kommunane i regionen har etablert ein regional klimakoordinator som skal bidra til å sjå klima- og klimatilpassing i ein breiare og regional samanheng. Regional plan for klima og miljø skal utarbeidast i perioden og erstattar dei lokale kommunale planane.

Ekstremværet i august 2023 viser at auka nedbørsmengder og regnintensitet vil utfordre teknisk infrastruktur og områder spesielt knytt til bekkeløp. Kommunen må ta høgde for dette i arealplanar og i planar for teknisk infrastruktur som mellom anna hovudplan vatn og avløp og vegsektoren.

Oppdaterte ROS-analyser er eit sentralt verktøy for å førebygge og redusere risikoen for uventa hendingar. Handteringa av Hans blir evaluert og vil danne grunnlag for revidering og endringar i kommunal ROS og beredskapsplanar.

Kommunen må ha planverk for beredskap som dekkjer behova for ein effektiv og god handtering ved større hendingar/ulykker. Overordna ROS er omtala i kap. 5 saman med kommuneplan.

Gol kommune har eige Klimaråd. Rådet har faste møter og er ein arena for å drøfte og gjennomføre tiltak for å redusere miljø- og klimautfordringane.

6.3.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **miljø og klima, klimatilpassing, natur og samfunnstryggleik** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategiperioden 2024-27:

Kommunedelplanar:

- Hovudplan vatn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Plan for legetenesta (ny)
- Handlingsplan for landbruket (revidering)
- Beitebruksplan (revidering)

Regional plan:

- Plan for klima og miljø, natur og klimatilpassing i Hallingdal (regional plan)

Arealplanar og overordna ROS-analyse for Gol er omtalt i kap. 5.3 og 5.4.

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



Figur 15. Planoversikt med tilhøyrande berekarmål.

6.4 Tettstadsutvikling og samferdsel

6.4.1 Utviklingstrekk

Gol tettstad er i vekst og er med sine 3300 innbyggjarar den største tettstaden i regionen.

Næringsområda er i stor grad knytt saman i aksen mellom Gol sentrum, Storøyne og Glitre. Den nye vegen frå sentrum til Storøyne og riksveg 7 har stor verknad på utviklinga. Kommunen har lagt til grunn at detaljhandel skal skje i dagens definerte sentrumsområde. Ei eventuell utviding av sentrumsområde må vurderast som del av ein framtidig revidering av kommunedelplan for Gol tettstad.

Gol har god tilgang på regulerte bustadareal. I tillegg til einbustader er det stor auke i bygging av bustader i Gol sentrum i form av leilegheiter, også i kombinasjon med næring.

Bygging av Smedvegen i Gol sentrum i 2023 er eit viktig tiltak som styrkjer tettstadutviklinga med bustad og næringsareal. Campus Hallingdal gjer til at det blir attraktivt å bygge utleigebustader og hyblar. Revidering av områdereguleringsplan for Gol sentrum vest blir svært viktig i arbeidet med tettstadsutvikling og attraktivitet.

Gol har bra tilgang på næringsareal til detaljhandel i sentrum. Gol tettstad sin plassering i dalbotnen med sin topografi, ulike omsynssoner og riks- og fylkesvegar gjer det generelt krevjande å legge til rette for større næringsareal. Det er spesielt utfordrande å legge til rette for plass- og arealkrevjande verksemdar som til dømes større lager og industribygg. Slik næring kan ikkje etablerast i sentrum og i randsona til sentrumsområdet. Eit regionalt næringssamarbeid som kan legge til rette for ulike næringsetableringar på tvers av kommunane er eit tema som må drøftast.

Som eit tiltak for å redusere behovet for nye næringsareal, bør det også vurderast om eksisterande regulerte næringsområde kan fortettast og nyttast på ein betre og meir arealsparande måte enn i dag.

Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036 blir lagt fram våren 2024. Hallingdal sine viktigaste prioriteringar er Ringeriksbanen og vegpakke Hallingdal på strekninga Ørgenvika- Gol. Tidlegare er det bestemt at vegsambanda rv7 og rv52 er valt som prioritert aust-vest korridor. Eit av dei mest overordna utfordringane for Gol er ei avklaring på traseval for ny rv52 Gol sentrum- Robru. Det er lite som tyder på at dette er eit prosjekt som staten vil prioritere med det første. Kommunen sin strategi for vidare arbeid med dette bør vere ein viktig del av arbeidet med revidering av samfunnsdelen.

Gol som samferdselsknutepunkt og styrking av Gol stasjon som knutepunktstasjon må ligge fast. I arbeidet med tettstadsutvikling og områderegulering i sentrum er det naturleg å vurdere plasseringa til Gol skysstasjon.

Figur 16 viser at Gol har hatt stor handelsvekst og vart i 2021 den kommunen i landet med størst omsetnad i detaljhandel per innbyggjar. Gol har med dette nådd eit av måla i samfunnsdelen 2018-2030. Frå 2020 til 2021 auka omsetninga med heile 20%. Tross auke i netthandel, viser det seg at handelsnæringa er i ei god utvikling og at fleire næringsaktørar etablerer seg i Gol.



Figur 16. Omsetjing per innbyggjar detaljhandel i Gol.
Kjelde SSB tabell 04776

Utvikling av Hallingmo er fortsatt eit prioritert område. Det har vore ei rivande utvikling på Hallingmo dei seinare åra. Ny grunnskule, fleirbrukshall og fleire aktivitetsanlegg. Hallingmo er aktuell for etablering av ny barnehage.

6.4.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **tettstadutvikling og samferdsel** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategiperioden 2024-27:

Kommunedelplanar:

- Hovudplan vatn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)
- Trafikktryggleiksplan (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Kulturmiljøplan (ny)
- Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (revidering)

Regional plan:

- Plan for klima og miljø, natur og klimatilpassing i Hallingdal (regional plan)

Arealplanar er omtalt i kap. 5.3 og 5.4.

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



Figur 17. Planoversikt med tilhøyrande berekrtsmål.

7. Samandrag

7.1 Planressursar

Planarbeid skaper grunnlag for ønska utvikling av lokalsamfunnet. Rammene er lagt i kommuneplanens samfunnsdel. Planprosessar er omfattande og krev høg og relevant kompetanse. Kommunens planressurs på samfunnsplanlegging blir styrka i 2024. Dette bidreg til gode prosessar og betre eigarskap til planverket. Det vil likevel være behov for å leige inn ekstern kompetanse ved større arealplanarbeid, mellom annan områderegulering Gol sentrum vest og planvask. Det må difor setjast av planmidlar til dette i budsjett- økonomiplan i perioden.

Samfunn og utvikling har ansvar for kommuneplanarbeidet, både samfunnsdelen og arealdelen. Slutføring av KDP Gol tettstad og kommuneplanens arealdel samt revidering av

samfunnsdelen vil legge vesentleg beslag på planressursane til Samfunn og utvikling i perioden. Arbeidet med ulike kommunedelplanar, tema og sektorplanar er lagt til tenesteområda som har ansvaret for det aktuelle området.

Planstrategien skal prioritere dei viktigaste planoppgåvene tilpassa ressursane. Planprosessar må ikkje gå over lang tid.

Kommunen bør i perioden vurdere om behovet for tema/fagplanar kan reduserast.

7.2 Prosess og medverknad

Den enkelte kommune må ta stilling til omfanget av medverknad og allmenn debatt rundt arbeidet med planstrategien. I følge plan og bygningslova §10 er det krav om at det skal innhentast synspunkt frå

nabokommunar og statlege og regionale organ, samt gjere forslag til planstrategi offentleg kjent, minst 30 dagar før kommunestyret si behandling. Dette gjev alle interesserte høve til å fremje synspunkt før sluttbehandling. Det er ikkje lagt til grunn medverknad i planstrategien utover lovkrava.

7.3 Prioritering av planarbeid i perioden 2024-27

Prioritering av planarbeidet i perioden er basert på kunnskapsgrunnlaget i kommuneplanens samfunnsdel, hovudutfordringar og utviklingstrekk.

Oversikten på planbehovet er sortert i fire kategoriar:

- Kommuneplan med overordna styringsdokument

- Andre arealplanar, område- og detaljreguleringsplanar
- Kommunedelplanar behandla etter reglane i Plan og bygningslova med planprogram
- Sektor- og temaplanar som ikkje har planprogram
- Regionale planar i Hallingdal

Fagplanar for beredskap, politiske- og administrative retningslinjer, reglement og vedtekter av ulike slag er ikkje ein del av planstrategien. Heller ikkje ressursplanar og planar som ikkje er behandla av faste utval (UKL/UNN) eller kommunestyret.

I tillegg kjem vedtekne reguleringsplanar/detaljplanar i tråd med kommunens planarkiv som ikkje konkret er nemnt i planstrategien.

8. Planverk og prioritert planarbeid i perioden 2024-27

Plan/dokument	Vedtatt	Revisjon 2024-27
Kommuneplan med overordna styringsdokument (1,2 og 3 har krav om planprogram)		
1. Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030	12.06.2018, sak K 24/18	Revidering i perioden
2. Kommuneplanens arealdel 2011-2023	06.09.2011, sak K 38/11	Revidering i perioden (under arbeid)
3. Kommunedelplanen (arealplan) for Gol tettstad 2006- 2015	05.09.2006, sak K 49/06	Revidering i Perioden (under arbeid)
4. Risiko- og sårbarheitsanalyse for Gol (ROS) <i>Kommunens overordna beredskapsplan med del A-D blir revidert årleg av kriseleiinga.</i>	14.06.22, sak K 22/2022	Revidering i perioden
5. Økonomiplan med handlingsprogram	Årleg vedtak i kommunestyret	Årleg i perioden som del av budsjettbehandlinga
Andre arealplanar, område- og detaljreguleringsplanar		
6. Områdereguleringsplan Gol sentrum vest	26.06.12, sak K 53/12	Revidering i perioden (oppstart i siste del av perioden)
7. Gol kommune skal i valperioden iverksette «planvask» av detaljreguleringsplanar eldre enn 10 år med utgangspunkt i 01.01.2024.	Det blir vist til eigen oversikt over planar	Politisk sak om planvask innan 01.07.25

Plan/dokument	Vedtatt	Revisjon 2024-27
Kommunedelplanar i tråd med reglane i Plan og bygningslova (krav om planprogram)		
8. Hovudplan for avløp og vassmiljø 2014-2023	16.12.2014, sak K 80/14	Revidering i perioden (under arbeid)
9. Hovudplan vassforsyning 2014-2023	16.12.2014, sak K 79/14	Revidering i perioden (under arbeid)
10. Kommunedelplan for naturmangfald i Gol kommune	06.06.2023 sak K25/23	Ingen revisjon i perioden
11. Strategisk næringsplan for Gol kommune 2023-2030	05.09.2023, sak K 30/23	Ingen revisjon i perioden
12. Trafikktryggleiksplan 2018-2021	13.06.2017, sak K 39/17	Revidering i perioden
13. Energi- og klimaplan for Gol kommune 2018-2021 (2030). <i>Blir i løpet av perioden erstatta av ny regional plan for Hallingdal. Sjå «regionale planar i Hallingdal».</i>	04.09.2018, sak K 43/18	
Sektor- og temaplanar <i>Dette omfattar også planar som er definert som kommunedelplanar utan at dei er behandla etter plan- og bygningslova sine reglar med planprogram mv.</i>		
14. Helse og omsorgsplan 2017-2026	21.03.2017, sak K 22/17	Reviderast i perioden
15. Plan for legetenesta	Ny plan	Ny plan i perioden
16. Strategisk plan for bu- og miljøtenester	Ny plan	Ny plan i perioden
17. Plan for heilskapleg rehabilitering i Gol kommune 2012 - 2016	11.09.2012 sak K 57/12	Revidering i perioden
18. Plan for fysio- og ergoterapi 2013-17	05.12.12 I UKL	Revidering i perioden
19. Plan for psykisk helse	K-sak 51/12	Revidering/ny plan i perioden
20. Plan for vald i nære relasjonar	Ny plan	Ny plan i perioden
21. Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme	Ny plan	Ny plan i perioden
22. Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald	05.09.2023 sak K32/23	Ingen revisjon i perioden
23. Oppvekstplan Gol kommune	Ny plan	Ny plan i perioden
24. Kvalitetsplan for skulen i Gol	08.05.2018 sak K 18/18	Revidering i perioden
25. Plan for integrering	Ny plan	Ny plan i perioden
26. Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Gol kommune 2018-2021	21.11.2017, sak K83/17	Revidering i perioden
27. Kulturplan 2020-2030	05.05.2020, sak K28/20	Ingen revisjon i perioden
28. Kulturmiljøplan	Ny plan	Ny plan i perioden (under arbeid)
29. Plan for friluftslivets ferdselsårer	Ny plan	Ny plan i perioden
30. Hovudplan kommunale vegar 2020-27	05.05.2020 sak K26/20	Ingen revisjon i perioden
31. Handlingsplan for landbruket	07.09.2010, sak K 50/10	Revidering i perioden (under arbeid)
32. Beitebruksplan	27.05.2014, sak K 26/14	Revisjon i perioden
Regionale planer i Hallingdal		
1. Strategisk plan for Hallingdal 2022-2025	Hallingtinget 28.10.21	Revidering i perioden

Plan/dokument	Vedtatt	Revisjon 2024-27
2. Regional plan for klima og miljø, natur og klimatilpassing i Hallingdal. <i>Erstattar energi- og klimaplan for Gol (2018) og energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres (2010)</i>	Ny plan	Ny plan i perioden
1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hallingdal (<i>erstattar Rusmiddelpolitisk plan for Gol kommune 2012- 2016</i>)		Revidering/ny plan i perioden
2. Avfallsplan for Hallingdal 2015 - 2019	21.06.2016, sak K 59/16	Revidering i perioden
3. Handlingsplan for folkehelsearbeid i Hallingdal 2018-2021	04.09.2018, sak K 39/18	Revidering i perioden (under arbeid)
4. Vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken vassregion 2022-2027 (inkluderer	Vedteke i 2022	Blir vurdert av Vannområdeutvalget
5. Bustadpolitisk plan (handlingsplan) for Hallingdal	Utarbeida i 2006	Kommunane/Regionrådet må vurdere om denne skal vidareførast/reviderast.

Figur 18. Oversikt over planar og prioritering av planarbeid 2024-27

9. Referansar

- Gol kommune, kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030
- Kommuneplanen – arealdelen og KDP Gol tettstad
- Områdereguleringsplan Gol sentrum vest
- Kommunal planarkiv i Gol kommune
- Planstrategi for Gol kommune 2020-23
- Folkehelseprofil for Gol kommune 2023
- Rettleiing til kommunal planstrategi frå Miljødepartementet
- Nasjonale forventningar 2023-27 frå Kommunal- og distriktsdepartementet
- Innspel til arbeidet med planstrategien
- SSB- statistikkbank/kommuneprofilen.
- Høyringsuttaler til Planstrategien og sluttbehandling av Planstrategien i sak K31/24

Det blir vidare vist til ulike dokument, stortingsmeldingar, retningslinjer og rettleiingar på kommunalt, fylkes- og statleg nivå.